

Årsmelding

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde

2020



Foto: Alf Erik Røyrvik

Verneområdeforvaltar
Alf Erik Røyrvik

1. Generelt

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde vart verna 9. januar 2009, og det første verneområdestyret vart konstituert 13. mai 2011. Verneområdet er på 394 km², og ligg i kommunane Gloppen og Sunnfjord.

Styret

Det vart konstituert nytt verneområdestyre for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde i 2020. Nye styremedlemmer vart oppnemnt etter kommune- og fylkestingsvalet hausten 2019. Den 1. jan 2020 vart dessutan fire kommunar slegne saman til Sunnfjord kommune. Tre av desse gamle kommunane (Naustdal, Førde og Jølster) hadde areal i Naustdal-Gjengedal LVO og representant i styret. No har dei ein felles representant frå Sunnfjord kommune, og verneområdestyret er derfor redusert frå fem til tre medlemmer.

Verneområdestyret for perioden 2020-2023 ser slik ut:

Verv	Namn	Representerer	Vararepresentant
Leiar	Karoline Bjerkeset	Gloppen kommune	Olav Fuglestrand
Nestleiar	Marius Dalin	Sunnfjord kommune	Siv Karin Hestad
Medlem	Trude Brosvik*	Vestland fylkeskommune	Frank-Willy Djupvik

*Opphavelag var det Gunhild Berge Stang som vart oppnemnt som representant for Vestland fylkeskommune. Sommaren 2020 trekte Gunhild seg frå styret etter å ha blitt statsekretær i Kulturdept., og fylkeskommunen peika derfor ut nytt styremedlem.

Styret har hatt fire styremøte i 2020. To av desse vart gjennomført på Skype/Teams og to vart gjennomført som fysiske møte (eitt i Førde og eitt på Skei). Totalt på desse møta har styret handsama 30 styresaker og ni referatsaker.

Verneområdeforvaltaren har delegert mynde til å fatte delegerte vedtak i kurante saker, etter visse retningslinjer. Dette gjeld dei aller fleste søknader om motorferdsel, mindre byggesaker og organisert ferdsel. I 2020 har verneområdeforvaltaren handsama 10 saker med delegert mynde.

2. Saker

Talet på saker i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde er på eit lågt til middels nivå samanlikna med andre store verneområde. Saksmengda gjekk ned dei første åra, sidan ein fekk på plass fleirårige løyver for årvisse transportbehov. No ligg saksmengda på eit stabilt nivå. Dei fleste vedtakssakene gjeld motorferdsel, men det vert og handsama nokre bygge-/inngrepssaker og ein del administrative saker. Motorferdselsakene er som regel kurante og vert handsama med delegert mynde. Enkle byggesaker er ofte kurante og, medan meir kompliserte og omfattande bygge- og inngrepssaker vert lagt fram for styret i styremøte.

Motorferdsel

Søkjjar	Type motorferdsel	Stad/område	Føremål	Handsaming
Mardal og Fitje sankelag	Motorbåt	Langedalsvatnet	Saltstein	delegert
Naustdal RK Hjelpekorps	Snøskuter	Naustedalen	Kjentmannskøyring	delegert
Mardal og Fitje sankelag	Snøskuter	Jardalen - Svartekari	Saltstein	styremøte
Risbotnen beitelag	Snøskuter	Risbotnen og Gjengedalen	Saltstein fleirårig	styremøte
Naustdal RK Hjelpekorps	Snøskuter	Naustedalen	Kjentmannskøyring fleirårig	styremøte
Indre Sunnfjord turlag	Helikopter	Longevasshytta	Forsyningar til hytta, fleirårig	styremøte
Mardal og Fitje sankelag	Motorbåt	Langedalsvatnet	Transport beitebruk, fleirårig	styremøte
Naustdal og Førde saueeigarlag	Snøskuter	Vonamarka	Transport material og ved	delegert
NRK	Drone	Gotdalsstølen	Nyheitsreportasje	delegert
Anders Roald Neset	Snøskuter	Nesstølen	Transport material og forsyningar	delegert
Marius Bjarte Ness	Helikopter	Nesrimma	Transport material	delegert
Rygg og Grov sameige	Bruk av vegar	Traudalen	Transport	styremøte
Rakel Rygg Wilke	Motorbåt	Traudalsvatnet	Transport material og utstyr	delegert
Håkon Hjelle Roset	Motorbåt	Langedalsvatnet	Transport material	delegert
Oddvar Årdal	Helikopter	Årdalskupa	Transport material	delegert
Fitje Sameige	Drone	Fitjestøylen	Dokumentere naturskade	delegert
Instedalen Skianlegg AS	Snøskuter	Vonamarka	Løypekøyning fleirårig	styremøte

Organisert ferdsel

Nordfjord folkehøgskule fekk løyve til å ha teltleir med inntil 170 overnattande ved Haugen innanfor Storevatnet i Gjengedalen 26.-27.august. Løyvet vart gjeve med delegert mynde.

Bygge- og inngrepssaker

Stallrygg fekk løyve til å sette opp ein gapahuk på eigedomen sin i Traudalen. Bygginga vart ikkje starta i 2020.

Administrative saker

I tillegg til vedtakssakene vart det handsama ein del administrative saker. Nokre saker var i samband med nytt styre og konstituering. Og ein del saker er faste saker som styret handsamar kvart år.

3. Rekneskap

Ein enkel rekneskap for forvaltningsknutepunktet kan ein sjå nedanfor her. I og med at forvaltningsknutepunktet er felles med Ålfotbreen landskapsvernområde, er det satt opp ein felles rekneskapsversikt.

2020	Felles/totalt		Naustdal-Gjengedal		Ålfotbreen	
	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar	Budsjett	Kostnadar
Drift styre	230 000	247 465	110 000	92 031	120 000	155 434
Tiltaksmidlar	1 100 000	992 365	700 000	720 607	400 000	271 758
Totalt	1 330 000	1 239 829	810 000	812 637	520 000	427 192

Eit mindre styre har lågare driftskostnadar, og derfor er det venta at vi brukar mindre til drift av styret enn før. No hadde vi ein del kostnadar med kompetanseprogrammet i Balestrand, men so har vi igjen spart litt på at eit par møte er gjennomført på Teams.

Vi har eit lite overforbruk på tiltaksmidlane. Det er dekkja inn gjennom overføring frå andre verneområde. Det syner at vi har god aktivitet på tiltak, vi har både brukt meir midlar på tiltak og jobba med fleire tiltak enn nokon gong. Men detaljert om tiltak og tiltaksmidlar kjem i neste kapittel.

4. Tiltak / bruk av midlar

Bruk av midlar:

Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde fekk tildelt 700.000 i tiltaksmidlar i 2020. Desse vart nytta på følgjande måte:

Tiltak	Sum
Skjøtsel Arnestad-støylen	kr 35 000
Supplerande klopplegging og bru i Instedalen	kr 54 800
Stien til Byrkjeneset	kr 69 390
Turskilt	kr 22 917
Parkerings-plassar på Jølster	kr 80 000
Stiar ved Arnestadstøylen	kr 15 000
Fjerning av gran	kr 35 438
Sti i Traudalen	kr 93 000
Råsa til Mardals-støylen	kr 57 262
Skjøtsel Fitjestøylen	kr 58 263
Informasjonsskilt	kr 68 531
Kostnader med nettside	kr 15 406
Skjøtselsarbeid Sandsstøylen	kr 40 000
Innkjøp kloppar (skal brukast i 2021)	kr 75 600
Totalt	kr 720 607

Midlane vart brukt opp, og vel so det. Som de kan sjå i tabellen hadde vi eit overforbruk på vel kr 20.000. Desse vart dekkja inn ved overføring frå andre verneområde som hadde restmidlar. Forbruk av midlar vart fylgt tett opp gjennom heile året, og vi hadde derfor kontroll på det vesle overforbruket vi enda opp med.

Midlane er nytta til ulike tiltak som gjeld tilrettelegging, skjøtsel og informasjonsarbeid. Meir om dei ulike tiltaka nedanfor her.

Tilrettelegging

- I Instedalen i Naustdal vart det lagt ein del kloppar, og ei bru vart reparert. Klopplegginga var supplerings av tidlegare tiltak, og i tillegg eit nytt parti ved Nesstølen. Arbeidet vart utført av Øvre Naustdal Utmarkslag.
- Nok eit parti av stien til Byrkjeneset er tilrettelagt med kloppar. Dette er eit tiltak vi har jobba med i mange år, og vi planlegg å halde fram med å ta eit parti kvart år til vi er framme ved Byrkjeneset.
- Jølster kommune (no Sunnfjord) har i nokre år jobba med å få opparbeida parkeringsplassar ved dei mest populære utfartsområda for toppturar på ski. Nokre av desse toppane ligg inne i eller ved Naustdal-Gjengedal. Verneområdestyret har derfor vore med å bidrege til dette arbeidet, som vart gjort ferdig no i 2020.
- Grunneigarane på Arnestad har rydda gamle ræser i området rundt Arnestadstøylen.
- Vi har fått laga ei betre avslutning av buføringsvegen i Traudalen og overgangen til stølsråsa der. Arbeidet vart utførst av Bygdeservice AS.

- Mardal grunneigarlag har jobba med utbetring av råsa til Mardalsstøylen. Dei har lagt kloppar og stein enkelte stader.
- Vi har kjøpt inn ein del nye turskilt langs stiane, slik at det skal vere enkelt å finne fram.

Skjøtsel

- Arnestad grunneigarlag driv årleg skjøtsel på Arnestadstøylen, og det har dei gjort i mange år no. I 2019 vart det laga ein skjøtselsplan, og grunneigarlaget jobbar med tiltaka som er skildra der.
- Fitje grunneigarlag driv og med skjøtsel på Fitjestøylen, basert på skjøtselsplan. Dette starta dei med i 2020, og vil forhåpentlegvis halde fram med tiltaka på planen i dei komande åra.
- Grunneigarane på Sande laga sjølv skjøtselsplan med tiltak på og rundt Sandsstøylen. Støylen ligg utanfor verneområdet, men er likevel ein del av kulturlandskapet og støylsmiljøa tilknytt verneområdet.
- To grunneigarar har gått i gang med fjerning av gran på eigne og tilstøytande eigedomar.

Informasjon

- I 2020 har vi fått montert informasjonsskilta som vart produsert i 2019. Eit sett står i sandane sentrum og eitt langs E39 i Årdal på Jølster.
- Vi har dessutan bytta ut plakaten på alle dei gamle skiltstativa som står i 12 innfallsportar rundt heile verneområdet.

Ny nettside

I 2020 har vi fått ny nettside til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Sida rettar seg mot besøkande til verneområdet og inneheld først og fremst konkret og praktisk informasjon. I tillegg er her turskildringar og fine bilete som skal inspirere til bruk av området. Mesteparten av kostnadane vart dekkja i 2019.

Adressa til den nye nettsida er www.naustdal-gjengedal.no

5. Rådgjevande utval

I 2020 har rådgjevande utval for Naustdal-Gjengedal blitt revidert og rullert. Utvalet har blitt utvida, og vi har fått inn ein del nye representantar. Det nye utvalet ser slik ut:

- Indre Sunnfjord turlag – Kjell Arne Hjelbrekke
- Midtre Nordfjord turlag – Katrine Fjellestad Aske
- Førdefjella villreinutval – Torger Eimhjellen
- Villreinnemnda for Sogn og Fjordane – Liv Løken
- Sunnfjord utvikling – Bjørg Kjos-Wenjum
- Visit Nordfjord – Marita Lindvik
- Norges Naturvernforbund Sogn og Fjordane – Erik Solheim
- Nordfjord folkehøgskule – Erlend Aunevik
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Øyvind Hegrenes
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Svein Egil Svorstøl
- Grunneigarrepresentant Sunnfjord – Inge Erikstad
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Anne Marie Mjellem
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Jan Ove Kornberg
- Grunneigarrepresentant Gloppen – Jostein Fuglestrand

Utvalet har hatt eit møte i 2020. Det var på Skei 16. november. I tillegg til representantane i utvalet møtte styreleiar og nestleiar frå verneområdestyret, og naturoppsyn og verneområdeforvaltar frå forvaltninga.

5. Forvaltar og forvaltningsknutepunkt

Verneområdeforvaltar er Alf Erik Røyrvik (busett i Hyen). Han vart tilsett 1.oktober 2011 og har vore i stillinga samanhengande sidan det. Forvaltaren har kontorstad på Forvaltningsknutepunkt Sandane, som ligg i 3 etasje i Krånavegen 3 (Sandane Senter).

Det faste naturoppsynet Rune Holen har i 2020 jobba med prosjektarbeid, og derfor har Sverre Sæten vore engasjert av SNO sentralt for å vere lokalt naturoppsyn for Åfotbreen og Naustdal-Gjengedal. Samarbeidet med lokalt SNO har alltid vore veldig godt, og det har det vore med Sverre og. Naturoppsynet er viktige og nyttige samarbeidspartar i forvaltninga, i handsaming av saker og særleg i planlegging, oppfølging og gjennomføring av tiltak.

På kontorstaden på Sandane kom det ein ny forvaltar i 2020. Tor Arne Hauge, som er nasjonalparkforvaltar for Jostedalsbreen, har no kontorstad på Sandane saman med Røyrvik, Sæten og Holen. Å få ei ny forvaltarstilling lokalisert på Sandane har vore særst godt for fagmiljøet der.

Kurs, seminar og konferansar som verneområdeforvaltaren har delteke på i 2020:

Det aller meste av fysiske samlingar har vore avlyst i 2020, grunna koronapandemien. Den viktigaste konferansen i 2020 vart gjennomført før dei strenge smittevernstiltaka vart sett i verk. 10.-11.mars arrangerte vi Kompetanseprogram for nye nasjonalpark- og verneområdestyre i Balestrand.

Føredrag og liknande

- Føredrag for friluftslivstudentar ved Høgskulen i Volda, 4.mars
- Føredrag for Sunnfjord kommunestyre, 29.oktober
- Undervisningsopplegg med klima- og miljøklassa ved Firda vgs, 6.november

Møteverksemd

- Avdelingsmøter, seksjonssamling og andre interne møter hjå Fylkesmannen.
- Møter som tillitsvalt for Naturviterne hjå Fylkesmannen i Vestland
- Møter og synfaringar med leverandørar som vi kjøper tenester og varer frå.
- Uformelle møter med grunneigarar og andre.

All møteverksemd og aktivitet som har vore etter 12.mars har vore i tråd med nasjonale og lokale føringar med tanke på smittevern.

Verneområdeforvaltaren og naturoppsyn har vore på ein del synfaringar, mellom anna i samband med planlegging, gjennomføring og oppfølging av tiltak og i samband med saker som forvaltar og styre har hatt til handsaming.

Forvaltaren er tilsett hjå Fylkesmannen i Vestland, i Naturmangfaldseksjonen – Miljøavdelinga. Fylkesmannen har ingen fagleg styring over forvaltar og sakshandsaming, men forvaltar er administrativt underlagt Fylkesmannen. Fylkesmannen har ei rolle i oppfølging av forvaltar og eit visst ansvar for arbeidsmiljøet. Forvaltar har dessutan eit godt fagmiljø hjå Fylkesmannen.

6. Bilete frå 2020



Bilete 1. Fine forhold for vårskitur i Gjengedalen i april.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 2. Nøgde turgåarar på Blåfjellet (1390 moh) i april.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 3. Informasjonsskilt i Sandane sentrum.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 4. Informasjonsskilt ved E39 i Årdalen på Jølster.

Foto: Ole Gimmedstad



Bilete 5. Utsikt frå Gjengedalsskaret mot Vonavatnet. Stien over Gjengedalsskaret vart merka i 2020.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 6. Utsikt frå Ryssdalshornet mot Sandane og Gloppefjorden.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 7. Utsikt frå Ryssdalshornet mot Breim.

Foto: Alf Erik Røyrvik



Bilete 8. Det vart montert nye informasjonsplakatar på dei gamle skiltrammene som står i mange innfallsportar til Naustdal-Gjengedal.

Foto: Alf Erik Røyrvik